

Bok på 1-2-3

10 ville ekspedisjonar

Av Pia Strømstad og Trond Bredesen

Tverrfagleg opplegg for 6.–9. trinn i samfunnsfag, norsk og engelsk

Tid: 11 korte leksjonar fordelt på 11 dagar

Ressursen er inspirert av den svenske læraren Micke Hermansson sin læringsmetode «Grej of the day». Målet med metoden er å gjere kunnskap kjekt og kult. Elevane får høyre om ekspedisjonar til månen, verdas høgste fjell, verdas djupaste havdjup og verdas djupaste grotte. Måla med dette undervisningsopplegget er at elevane skal lære om spennande ekspedisjonar rundt i heile verda frå dei siste hundre åra. Dei skal lytte til nynorske tekstar om desse ekspedisjonane, og dei skal fortelje munnleg om det dei har lært, når dei kjem heim. For kvar tekst har vi lagt inn eit forslag til ein filmsnutt som kan «hekte elevane på» emnet. Fleire av desse filmene har engelsk tale. Her får elevane trening i å lytte og forstå engelsk.

Metoden går ut på at kvar dag startar med ein mikroleksjon. Dagen før får elevane eit hint om kva som er tema dagen etterpå, til dømes «He had a wonderful dream» dersom teamet er Martin Luther King.

Leksjonen startar med at elevane gjettar seg fram til kva som er temaet denne dagen. Læraren gir elevane ein kort presentasjon av temaet, og elevane får i oppgåve å fortelje om det dei har lært, til ein dei er glad i, når dei kjem heim. Når leksjonen er ferdig, får elevane hintet om temaet for neste dag.



Formål

Norsk

- Lese og lytte til tekstar på nynorsk og bokmål for å oppleve, bli engasjerte, undre seg og lære.
- Få positive opplevingar ved å uttrykke og utfalde seg munnleg. Presentere og fortelje, spontant og munnleg.

Samfunnsfag

- Hente og bruke informasjon frå ulike typar historiske, geografiske og samfunnskunnskaplege kjelder.
- Forstå korleis samanhengar mellom geografiske, historiske og notidige forhold har påverka og påverkar menneske og samfunn.

Engelsk

- Språklæringa skjer i møte med engelskspråklege tekstar. Tekstbegrepet blir brukt i vid forstand og omfattar også engelskspråklege filmar.